



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Radøy eldreråd	
Sakshandsamar:	Kultur- og sørvistorget	Arthur Kleiveland
Arkivnr.:	14/330	Dokumentnr.: 14/5675

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Radøy kommune har opp gjennom åra utarbeidd fleire planar for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Den siste var Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2008 – 11, som no skal reviderast. Føremålet med planen er å bidra til målstyrt utbygging av idrettsanlegg og tilrettelegging av områder for idrett og friluftsliv, samt å danne grunnlag for søknader om spelemidlar til nærmiljø- og idretts og friluftslivsanlegg. Den reviderte planen skal ha eit breiare fokus enn anleggsutbygging, m.a. gjennom større fokus på folkehelse og universell utforming enn tidlegare. Visjonen er «Alle i aktivitet»!

Arbeidet med å revidere kommunedelplanen starta opp i 2012. Framlegg til planprogram låg ute til offentleg ettersyn i 6 veker, men arbeidet vart av ulike årsaker ikkje vidareført. Planprosessen er no starta opp att, og formannskapet vedtok planprogram for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø i sak 13/2014. Rådmannen har sett ned ei administrativ arbeidsgruppe, og formannskapet er styringsgruppe for kommunedelplanen. Eldrerådet, Ungdomsrådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er referansegruppe for planarbeidet.

Arbeidsgruppa har starta opp arbeidet, og første fase er å legge til rette for brukarmedverknad i prosessen. 21. mai 2014 vart det invitert til bygdemøte på Sæbø skule, der om lag 30 personar frå lag og organisasjonar og andre interesserte møtte. Friluftslivsentsusiast Børje Møster og Fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld orienterte om planarbeid og motiverte til engasjement i planprosessen. Frivilligsentralen og leiarane i Radøy kommune er orientert om planarbeidet, og Ungdomsrådet har hatt saka på dagsorden. Det er også planlagt «barnetråkk»-registrering på Manger som ein del av datagrunnlaget i planen.

Radøy, den grønne øya, har med sin flotte natur og etablerte idrettsanlegg eit godt utgangspunkt for å legge til rette for «alle i aktivitet». Gjennom å skape arenaer for brukarmedverknad ønskjer plangruppa tidleg i prosessen å få inn konkrete innspel til korleis Radøy kommune, gjennom små og større tiltak, kan leggje til rette for fysisk aktivitet for «alle» uansett alder og funksjonsnivå.

Ikkje vedlagte saksdokument: